

Sakshandsamar:

Kristin Arnestad
E-post: kristin.arnestad@sfj.no
Tlf.: 90616843

Vår ref.

Sak nr.: 19/699-40
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom)
Postboks 93

4791 LILLESAND

Dato

LEIKANGER, 03.06.2019

Svakast breibanddekning - størst reduksjon i støtte frå staten

Sogn og Fjordane er blant dei fylka med dokumentert svakast breibanddekning både for fast- og mobilnett, men og den største taparen i årets tildeling av statlege breibandmidlar. Vi stiller derfor spørsmål ved om dagens fordelingsnøkkel er korrekt.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har våren 2019 motteke 25 søknader om breibandstøtte frå 14 av våre 26 kommunar. Søknadane er ulike med tanke på tal husstandar, tal hus med dekning under 10 Mbit/s, totalkostnad i prosjekta og kostnad pr. husstand

- Samla søknadssum på kr. 34 473 000
- Totalkostnad for dei 25 søknadane er kr. 100 734 480
- Det er søkt om støtte til utbygging av totalt 1869 husstandar, der 657 husstandar mangla eit grunnleggande tilbod (0 – 10 Mbit/s hastigheit)
- Det er søkt om støtte til 1212 husstandar i kategorien 10-30 Mbit/s. Tildelinga frå Nkom tilseier at det er 109 husstandar i denne kategorien i fylket
- Det er gjennomført målingar i fleire av områda som søker om støtte der det kjem fram avvik mellom Nkom sine dekningskart og innbyggjar sine målingar

Rapporten «Bredbåndsdekning 2018ⁱ» utarbeida av analyseselskapet Analysys Mason for Nkom i september 2018 viser at Sogn og Fjordane har ei breibanddekning på 65 prosent for 100Mbit/s, tredje svakast i Norge. Vi kjem og dårlegast ut når det gjeld dekning på skular og andre kommunale og fylkeskommunale institusjonar. I Innlandet som ligg like bak er det forventa ei rask forbetring på grunn av auka konkurranseⁱⁱ og vekst i offentleg tilskot.

Ekonomistatistikkenⁱⁱⁱ publisert av Nkom 6.mai 2019 viser at Sogn og Fjordane har den dårlegaste befolkningsdekning for mobildata over 4G med 92,5 %, medan Norge totalt har 99,9 prosent befolkningsdekning.

Helse og velferdstenester kan ikkje greie seg med basisdekning innan mobilt og fast breiband. Dekninga må være god eller veldig god. I dag er heller ikkje robustheita god nok i grisgrendte strøk for avanserte digitale tenester. Mange kommunar ser og ei stor beredskapsutfordring med auka sentralisering av offentlege tenester. Vår topografi med høge fjell og djupe fjordar skaper sjølvstøtt utfordringar for breibandtilbydarane.

Den offentlege støtteordninga for breiband skal delfinansiere og utløyse utbygging i område der det ikkje er lønsamt å byggje ut på kommersielle vilkår. Breibandutbygging i desse områda er som regel eit spleiselag mellom staten, fylkeskommunen, kommunane, innbyggjarar og breibandleverandøren som vinn dei offentlege anboda.

Tabellen under viser statlege, kommunale og fylkeskommunale løyvingar til breibandutbygging i Sogn og Fjordane i perioden 2014-2019.

År	Statleg løyving	Statleg løyving til Sogn og Fj.	Fylkeskommunen si løyving	Kommunale løyvingar	Sum
2019	199 750 000	8 348 974	3 493 026	6 782 563	18 624 563
2018	150 000 000	17 240 074	6 602 926	23 367 000	47 210 000
2017	149 000 000	24 104 800	4 240 065	8 450 200	36 795 065
2016	126 500 000	30 249 000	2 300 000	17 310 000	49 859 000
2015	110 000 000	18 560 000	1 500 000	5 663 000	25 723 000
2014	160 000 000	39 532 050	9 159 475	6 331 840	55 023 365
SUM	895 250 000	138 034 898	27 295 492	67 904 603	233 234 993

I tillegg kjem betydelege beløp i private eigendeler og dugnadsinnsats. Vi har døme på utbyggingsprosjekt der husstandane har ei tilknytingskostnad på kr. 15 000 per abonnent. Normalt litt denne mellom 5 000 og 10 000 kroner.

Gjennom godt samarbeid og organisering er vi blant dei fylka som har henta mest midlar gjennom denne ordninga. Vi har og sikra gjennomføring av alle prosjekt som har motteke offentleg støtte, og etterlevd krav frå ESA gjennom felles konkurransegrunnlag og kontraktsmalar.

Vi har fått søknader som langt overskrid det vi har fått tildelt frå Nkom for 2019. Vi meiner kriteria for tildeling ikkje tek opp i seg det behovet det er i fylke som Sogn og Fjordane, søknadane viser også andre dekningstal enn dei som ligg til grunn i Nkom si tildeling. Vi ber difor om at de ser på tildelingskriteria på nytt. Vi ber også om at ekstraløyvinga som kom gjennom revidert nasjonalbudsjett går til dei områda der behova er størst.

Med helsing

Jan Heggheim
fylkesdirektør

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Samla oversikt over søknader i Sogn og Fjordane 2019

Kopi til:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet ved Digitaliseringsminister Nikolai Astrup

ⁱⁱ Rapporten Bredbåndsdekning 2018,

<https://www.nkom.no/aktuelt/nyheter/attachment/36433?ts=16610bddb12>

ⁱⁱ Breibandssatsing i Eidsiva, <https://www.eidsiva.no/om-eidsiva/aktuelt/eidsiva-bredband-inngar-avtale-med-altibox/>

ⁱⁱⁱ Ekomstatistikken https://ekomstatistikken.nkom.no/#/article/mobildekning_2018